

Riksantikvaren  
postmottak@ra.no

[Dykkar ref.]

[Vår ref.]

Salhus, 26.06.2024

## Høyringsinnspel til bevaringsstrategi for landbrukets kulturmiljø

Museumssenteret i Hordaland (MUHO) er eit museum for levande kultur-, natur- og industriarv, og eit kompetansemiljø for konservering og bygningsvern i Hordaland. MUHO utfører aktiv bevaring og levande formidling: vi fortel ikkje berre ei historie, men brukar kunnskap om teknikkar og prosessar til å vise, lære bort og utføre arbeid slik det tradisjonelt blei gjort innan handverk, industri og gardsdrift. Gjennom autentiske kulturmiljø og landskap i Nordhordland og Bergen trekkjer vi linjer frå fortida til utfordringar i verda i dag. Vi tek vare på natur- og kulturarv ved å overføre kunnskap til folk og nye generasjonar. Kunnskap om kulturlandskap, arbeidsprosessar, teknikkar og ressursar lever vidare gjennom forvaltning av samlingar og praksis i museet. Gjennom god bevaring kan vi bremse at kulturarven vert forringa. Vi driv kunnskapsbasert bevaring av alt frå kulturlandskap og store fabrikkannlegg, til hus og store og små gjenstandar.

Riksantikvaren sin bevaringsstrategi for landbrukets kulturmiljø er ein viktig strategi for særskild to av våre avdelingar: garden Havrå som er det første freda kulturmiljøet i Noreg, og Lyngheiseret som forvaltar og formidlar kunnskap om kystlyngheier i eit intakt kulturmiljø.

### Musea i bevaringsstrategien

Musea er utydelege i bevaringsstrategien i samband med forvaltning av landbruket sitt kulturmiljø, og heller ikkje tydelege som kunnskapsinstitusjonar. Som garantistar for heilskapleg forvaltning bør musea få ein tydelegare rolle i strategien.

Musea er posisjonert til å ta vare på kulturminne som andre ikkje ser seg i stand til, i forståinga av at vi tek vare på heilskaplege kulturminneverdiar og miljø – utan kompromiss

Museumssenteret i Hordaland  
Salhusvegen 201  
5107 Salhus

post@muho.no  
55 25 10 80

Org. nr. 971 349 743

muho.no

knytt til bruk. Musea syter for kontinuitet og ivaretaking av både den materielle og immaterielle kulturarven knytt til bygningar, fartøy og landskap, og bevaringsarbeidet er ein del av større og systematiserte planar med fagleg fokus. Musea i kulturminnevernet er òg garantistar for kunnskapsutvikling og forskning. Dei formidlar kulturminna basert på denne kunnskapen, som i tur er med på å skape interesse i samfunnet og hjå komande generasjonar. Musea har utstrekt teknisk og fagleg infrastruktur knytt til samlingane, og eit mangfald av samarbeidspartnarar og nettverk.

### **Behov for føreseielege tilskotsordningar for skjøtsel av kulturlandskap**

Bevaring av kulturlandskapet skil seg frå bevaring av andre typar kulturmiljø ved at kulturlandskapa har behov for ein kontinuerleg skjøtsel etter gamle/tradisjonelle metodar for å kunne bevarast. Her er det eit særst tett samspel mellom dei materielle og immaterielle kulturminna som må oppretthaldast for å bevare kulturlandskapet. Kulturmiljø knytt til det marginale landbruket, som Havrå og Lyngheisenteret representerer, må prioriterast høgt, då dette er kulturlandskap som det er få att av og som er trua. Samarbeid på tvers av sektorar er heilt naudsynt for å få ei heilskapleg oversyn over utfordringane og behova i landbruket sine kulturmiljø. Fram til i dag har forvaltninga av kulturmiljøa i MUHO vore basert på tilskot frå KUD, KLD, fylke, kommune, Statsforvaltaren, miljødirektoratet og soleis glimrande eksempel på korleis ein med god samhandling kan ivareta komplekse kulturmiljø med store kultur- og naturverdiar på ein forsvarleg og god måte.

Samordna bruk av verkemiddel ser ut til å vere ein gjengangar i Riksantikvaren si utforming av fleire bevaringsstrategiar. Vi er samstundes uroa for at dette i praksis vil redusere midlar som er tilgjengelege for musea - noko som vil få ytterlegare økonomiske konsekvensar for arbeidet vårt. Den pågåande debatten om å fjerne musea som mottakarar i kap. 1429 post 71 i statsbudsjettet, og prioritere privatpersonleg eigarskap, har allereie fått store konsekvensar for MUHO. Dette understrekar fleire sitt poeng om kor alvorleg det er å utelate musea som relevante aktørar i såpass viktige forvaltningsdokument som Riksantikvaren sine bevaringsstrategiar er, og sikre samanheng med verkemiddelapparatet.

### **Oppfølging av Stortingsmelding 16 (2019-2020): Nye mål i kulturmiljøpolitikken**

Bevaringsstrategien for landbruket sitt kulturmiljø er eit tiltak i oppfølginga av Meld. St. 16 (2019-2020): Nye mål i kulturmiljøpolitikken. Denne meldinga innfører omgrepet kulturmiljø, og tydeleggjer at "Samlebetegnelsen dekkjer begrepene «kulturminner, kulturmiljøer og landskap» og brukes når feltet omtales som helhet" (side 7). Vi reknar derfor med at desse tre (kulturminner, kulturmiljøer og landskap) er premisser som ligg til grunn for Riksantikvaren sin bevaringsstrategi for landbrukets kulturmiljø.

# M U H O

Likevel synes det som at landskap, og til dels også kulturmiljø i isolert forstand, i stor grad er fråverande i bevaringsstrategien. Rett nok er kulturlandskap inkludert som eit viktig satsingsområde under deltema 2 – Jordbrukslandskapet, men innhaldet i beskrivinga av kulturlandskap har tyngdefokus på isolerte element, medan den viktige heilskapen manglar. Enkeltstående kulturminne er viktige element i kulturmiljøa og kulturlandskapet, men deira form, funksjon og historie kan ikkje forståast eller forvaltast på ein trygg måte utan at dei blir sett som del av ein større samanheng. Motsett vil eit kulturlandskap naturleg romme kulturminner fordi desse er integrert i skjøtselen og funksjonane til det naturbetinga kulturlandskapet. Dette er bakgrunnen for at vi i vårt innspel datert 11.03.2024 fremma forslag om kulturlandskap som eit eige deltema. Sjå også høyringsinnspel frå Museumsnettverket som vi også stiller oss bak.

Til trass for at kulturlandskap er tydeleggjort ved ordbruk under Deltema 2 – Jordbrukslandskapet, merkar vi oss at forståinga av kulturmiljø på landskapsnivå framleis er nær fråverande. Vi understrekar derfor at heilskapsforståinga av korleis norsk mat har blitt produsert på norske ressursar gjennom fleire tidsperiodar ved å ta heile landskapet i bruk, må vere tydlegare i den ferdige bevaringsstrategien. Vi opprettheld også forslaget om at kulturlandskap blir eit eige deltema i strategien.

Med venleg helsing

**Elisabeth Halvorsen**

*Direktør*  
MUHO

**Marit Adelsten Jensen**

*Nestleiar*  
Havrå/Osterøy museum

**Torhild Kvingedal**

*Avdelingsleiar*  
Lynghesenteret